



Kyrkjelydsblad
for
Arna



NR. 6

OKTOBER 2000

33.ÅRG.



Kyrkjelyden på tur til Telavåg



Positive klapp

AV HELGE HITLAND

«Milde ord er som dryppande honning, søte for sjela og sunne for kroppen» les vi i Ordtøka 16,24 i Bibelen. Positiv merksemd treng vi alle. Anten det er venlege ord, eit klapp på kinnet, eit godt håndtrykk eller eit smil, så kjennes det alltid godt ut. Det er som dei seier: «Eg set pris på deg, det er kjekt å vere saman med deg eller du betyr noko for meg». Når vi opplever slikt føler vi oss verdsett og betydningsfulle. Slike positive klapp er godt å få ta imot. Dei fortel at det er nokon som er glad i meg nettopp fordi eg er den eg er.

Det er også godt å få anerkjenning for noko vi har gjort. Kanskje har vi laga til eit godt måltid mat, gjort det fint i hagen eller gjort ein flott jobb. Slike påskjøningar gjer også godt. Får vi rik tilførsle av slike positive klapp kjenner vi at vi blir glade og oppglødde. Vi opplever at det gir oss tiltakslust og vi legg oss i selen for å yte vårt aller beste. Det er viktig med slike positive klapp i ekteskapet, i familien, i kyrkjelyden og på arbeidsplassen.

Men vi er dessverre ikkje alltid like flinke til å oppmuntre kvarandre, til å seie gode ord til kvarandre. «Tankelaus tale stikk som sverd», les vi også i Ordtøka 12,18. Mange gonger gir vi slike stikk utan å tenke over det. Ord som gjer vondt og som er vanskeleg å takle. Slike negative ord forsurar atmosfæren og ska-

per ei dyster stemning. Mange ektefeller og barn ber på sår etter slike tankelaus stikk.

Skal vi trivast som ektefolk og fungere godt som familie, er det viktig at vi er raus med positive klapp. Mange er flinke med dette, medan andre strevar fordi dei er komne inn på eit vondt spor. Men slikt går det an å gjere noko med.

Vi treng alle å øve oss i å gi merksemd og anerkjenning. Det er ofte lettare å gi kritikk enn ros. Mange ser ut for å tenke at mykje ros vil lett kunne gjere oss høge på pæra. Det er sjeldan at det slår til. Problemet er heller at våre positive klapp ikkje kan hamle opp med alt det negative. Å gi positiv merksemd er viktig både for at ekteskap og familie skal fungere godt.

Men vi treng også øve oss i å ta imot ros. For mange er det vanskeleg. Når nokon skryt av den flotte gensaren, svarar vi ofte: «Eg kjøpte den på salg», i staden for å seie: «Takk skal du ha, det var kjekt å høyre». Lærer vi oss å ta imot ros, vil folk få lyst å gi oss det. Men dersom vi stadig avslær å ta imot positiv merksemd, vil dei snart slutte å gi ros.

Til slutt eit par spørsmål til ettertanke: Oppmuntrar vi kvarandre med venlege ord i vår heim? Er vi raus med positiv merksemd i vårt ekteskap? Gir vi ros og anerkjenning i vår kyrkjelyd?

50-års konfirmantane

Her ser vi bilete av 50-årskonfirmantane som vart presenterte på gudstenesta i Ytre Arna kyrkje og Arna kyrkje 1. oktober.

Ytre Arna:



1. rekkje frå venstre: Ranveig Andersen, f. Teigland, Trygve Johansen, Hildur Vik, f. Vatle.
2. rekkje: Kari Margrete Utvik, f. Selbak, Jorunn Skjørholm, f. Rolland, Else Nybø, f. Ruskedal, Sylvi Sæle, f. Olsen, Einbjørg Vikesund, f. Hunshamar.
3. rekkje: Arne Nævdal, Audun Leknesund, Harry Valestrand, Gunnar Finne, Arve Pettersen, Kåre Rønhovde.

Indre Arna:



1. rekkje frå venstre: Marit Johannesssen, f. Hauge, Målfrid Berge, f. Ytre-Arne, Sonja Vambheim, f. Cindal, Berit Eriksson, f. Rogne, Marit Brurås, f. Tunes, Hjørdis Killi, f. Eliassen.
2. rekkje: Sonja Storebø, f. Liland, Dagmar Boge, f. Askeland, Kjellaug Thorsen, f. Eiken, Sigrid Drangevåg, f. Stokke, Anna Mongstad, f. Skjoldal, Sølvi Sjørusen, f. Romslo.
Bakre rekkje: Kjell Nese, Sigmund Neset, Erik Reknes, Jarle Mostrøm, Svein Olav Heggertveit.



AV TRYGVE JOHANSEN

Åndelig lengsel i vår tid

Det er vanskelig å finne ut av menneskets sjel. Det meste er skjult for oss, og slik skal det trolig være. Menneskehjertet er urolig og lengter i mange retninger. Augustin hadde erfart at menneskehjertet var urolig inntil det fant hvile i Gud. Abraham Heschel, en jødisk teolog, har sagt følgende: «Det er sant at menneskets hjerte er urolig. Men det er en dypere sannhet at Guds hjerte er urolig.» Med det mente han at Gud elsker oss og kommer oss i møte midt i vår lengsel.

Det er ikke lett å si hva som preger menneskets sjel i vår tid, men det er likevel klart at lengselen er framtredd hos mange. Mange mennesker lengter etter noe mer enn materielle verdier. Det er godt å lengte hvis denne lengselen får oss til å bevege oss mot Gud. Når lengselen leder oss inn til troens mysterier, så får vi en gudserfaring. Men noen mennesker som også lengter, vender dessverre Gud ryggen fordi de er skuffet over kirken og de kristne.

Mange kristne lengter etter et dypere liv med Gud. Det er likevel slik at i mange

kristne miljøer får kristne mennesker ikke næring til denne lengselen. Hvorfor er det slik? Må vi gi avkall på noe for at det kan skapes en kirke som lever ved og av Kilden? Brorsons kjente salme «Mitt hjerte alltid vanker» sier oss noe om den åndelige lengsel. Vi gjengir her vers 1 og 7:

*Mitt hjerte alltid vanker
i Jesu føderom,
der samles mine tanker
som i sin hoved sum.
Der er min lengsel hjemme,
der har min tro sin skatt;
jeg kan deg aldri glemme,
velsignet julenatt!*

*Akk, kom, jeg opp vil lukke
mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke;
Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig,
du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig
her i mitt hjerte svøpt.*

Frå Haus Kyrkjelydsblad mars 1969 har vi sakså dette stykket.

Eit lite attersyn

Når no Arna sokn er skild frå gamle Haus, so er det mange minner som kjem etter farne dagar, og då eg no fekk so god tid rann det meg i hugen å senda ei lita helsing til kyrkjelydsbladet i Haus.

Som ung mann vart eg med i ymse arbeidslag innan kommunen, og alle møte vart haldne i Haus, men millom Haus og fastlandet ligg Sørfjorden, stundom blank og smilande, med vikar og nes innerter og utetter, men stundom rusket og stormande, og då var det ikkje so greitt å taka seg ut ofte nattetider i ein liten feringsbåt, der var korkje ferja eller bil å setja seg inn i som i dag. Ja, det var no helst ikkje dette eg ville skriva om. Det var meir det som høyrer kyrkja og kyrkelyd til. Annankvar søndag var det som regel preik i Haus kyrkja. Då kunne det stundom verta trongt om plass nede i fjæra i Hausviki der dei mange båtar skulle plasserast til gudstenesta var over, der kom båtar med kyrkjefolk frå Solstrand, Romslo, Takvam, Tunes og mange fleire. Den tid var det ikkje veg korkje til Votlo eller Solstrand, so dei som ville til kyrkje, måtte makta taka

båten fatt. Eit unntak frå dette var Ivar Namtveit og Nils Vikne, dei gjekk om Tveitane ned i Mjeldalen og vidare til kyrkja, so visst som det var preik. Som smågut fekk eg vera med far og mor til kyrkje, og det var alltid so gildt, og sidan har eg alltid vore glad i kyrkja, Haus kyrkja. Her i denne kyrkja vart eg døypt, her vart eg av prost Landstad vigd til henne som trutt fylgde meg i arbeid og strev og hyggje, so lenge livsdagen varte. Her gjekk me til Herrens bord for å få kraft til livsstriden. Her vart borna våre døypte, og likeeins barneborna, og her fann me oss alle heime. Eg minnest dei mange gilde prestane me fekk ha her i Haus, både sokneprestar og kapellantar, fleire av dei vart seinare biskop, no sist Olav Hagesæther. Eg kjem dykk ofte i hug, dei eg fekk noko med å gjera både frå Haus og Gjerstad, takk for smil og varme handtrykk. Før eg let att minneboka, vil eg nemne to flittige kyrkjegengarar inne frå Sørfjorden. Den eine var Ola Kvisti, han var i seinare tid heilt døv, kunne lite snakka med folk, for høyrsla hadde slegi heilt feil. Han heldt lenge ut å reisa til kyrkja, hadde salmeboki med, og ein kunne sjå at han fylgde godt med, både med salmane og tekstane for dagen. Så var det Nils Trengereidal. Han hadde ei lite halv mil å gå før han kom til sjøen, og so hadde han ei heil mil å ro før han kom til Haus. Det går ord om han, at han var alltid den fyrste som møtte opp med kyrkja. Tru om ikkje desse gamle hadde funne noko med trottug kyrkjegang som var værd dette bryet.

Knud Thunes (medhjelpar)



Haus kyrkje.

Så sa Herren:
” Stå på vegane og sjå! Spør etter dei gamle stigane, etter vegen til det gode! Ferdast på den, så skal de finna kvile!
Jer. 6,16. ”

KFORUM ARNA

Tirsdag 7. november
LEFSEBAKING
v/Helga Oppedal

TA DEG TID
til å sette litt farge på hverdagen!
og små gladder

Tirsdag 28. november
«ADVENT-VERKSTED»
Vi binder adventkrans. Ta med gran eller det du ønsker å bruke. Halmring og lysholdere kan kjøpes på møtet.

MISJONSHISTORISK MØTE i Arna bedehus

AV KLARA ULVESETER


Frå 01.01.2001 vert Santalmisjonen og Indremisjonsselskapet slegne saman og får namnet Normisjon. Første årsmøte med val til styre i region Hordaland, vart halde i Arna bedehus, 30. september.

Grunnen til at det var lagt til Arna var at her var det sentralt, og det andre var at den første foreininga for Santalmisjonen vart til her. – Magne Teigland frå Ytre

Arna var i Nykirken og hørde Lars Skrefsrud (han som skipa Santalmisjonen). Skrefsrud tala med slik glød at Teigland reiste beint heim til Ytre Arna og skipa ei misjonsforening som er aktiv den dag i dag.

Ca. 70 delegatar var møtt fram. Til leiar i den nye organisasjonen vart vald tannlege Mangernesnes. På festen om kvelden var bedehuset fullsett. Alle var spente på, men hadde og forventning til at Normisjon ville verta eit godt reiskap i Guds hand.

Det ble overveldende flertall for fusjon under sommerens ekstraordinære generalforsamlinger i Santalmisjonen og Indremisjonsselskapet. Nå starter arbeidet med å gjøre Normisjon seilklar som en av de største misjonsskutene i farvannet av kristelige organisasjoner i Norge.



Turen til Telavåg

I forrige «Kyrkjelydsblad for Arna» fekk de lesa og sjå litt frå pinsefeiringa i byen og på Hamre. Denne gongen vil vi mimre litt om turen til Telavåg laurdag 2. sept. Det var Nemnda for Takvam kapell som arrangerte turen, og folk frå heile Arna melde seg på. Kl. 10.05 starta bussen frå Takvam med Kjell Åge ved rattet. Då var deltakarane frå Trengereid, Romslo og Herland alt på plass i bussen. Sidan plukka vi opp folk på Tunes, Garnes, ved Prestegarden, langs Solsvegen, på Espeland og Haukeland. Då var bussen full av forventningsfulle turistar. Og så det fine veret vi fekk!

I Staden for å køyra gjennom byen og dei mange tunnellane, tok vi vegen over Fjøsanger, Straume, Burmavegen til Loddefjord og vidare til Sotra. Det var utruleg mykje fint og interessant å sjå og høyra. Vi takkar Odd så mykje, han var ein framifrå guide. Første stopp på Sotra var nykyrkja som er

under bygging ved Sotraheimen. Ho er tufta på fjell og vert bygd av stein. Harald Fylling er mellom dei prestane som skal tenestegjera i kyrkja når ho vert ferdig. Han var møtt fram for å fortelja oss om planane. Det vil verta eit stort og praktisk kyrkjebygg til teneste for alle aldersgrupper.

Sotra synte seg i sin finaste seinsommarstas med eit vell av rognbær og røsslyng mellom velstelte heimar. «I desse heimane bur folket.» (Arne Garborg)


Første skikkelege stopp var Kausland kyrkje, reint ein oase: Velstelt ute, ljost og vakert inne. Vi vart hjarteleg mottekne av kyrkjetenaren. Det beste ved opphaldet var likevel bodskapen som sokneprest Kjell Nese hadde til oss, at Gud har omsorg for oss.

Målet vårt var Nordsjømuséet i Telavåg. Der venta dei med betasuppe. Sveler steikte dei etter kvart som vi åt. Det var nok ein del av oss som ikkje heilt kunne glede seg over god mat og god utsikt. Utstillinga rundt oss fekk dei eldste av oss til å minnast krigsåra og vonde dagar. Betre vart det nok ikkje etter at vi hadde sett videoen om Telavågtragedien. Muséet prøvde å gjenskape både Telavågtragedien, Nordsjø-farten og livet til Sjetlands-Larsen, og dei hadde gjort det med både respekt og dugleik. « Dette hadde vi godt av å sjå », bemerkta Kari, men for somme av oss var det dryg kost.

Det var mange tragediar under siste krig, men noko av det dystraste var det som hende i Telavåg. Her vart eit heilt bygdelaug utsletta. Husa vart brende, mennene førde til konsentrasjonsleir i Tyskland og kvinnene til Framnes Folkehøgskule etter først å ha vore ei tid på ein skule i Bergen.

Lenger nede mot vågen var det reist ei minnestøtte over dei frå dette vesle bygdesamfunnet som omkom under siste krig. Du kan sjølv telja. Det som ikkje kom fram, er alle sår i hugen til dei som overlevde.

Det var likevel eit ljospunkt, og det var det Kåre som kunne fortelja om. Mariasøstrene i Darmstatt hadde fått laga minneplater, der dei ber om årsaking for alt det vonde den



Minnestøtta over dei frå Telavåg som omkom under siste krig.

Forts. side 8

Til Israel i vinterferien?

1.-11. mars neste år skal eg vera reiseleiar for tur til Israel. Turen startar i Eilat og går deretter til Jerusalem, Genesaretsjøen og til Tel Aviv.

Program og nærare opplysningar kan du få ved å kontakta

Fokus Reiser tlf. 38 12 56 60 eller underteikna: tlf. 56 36 00 14 eller 56 36 95 30.

Programmet kan du og finna på Internett under: fokusreiser.no

Harald Sundsbø

Arna sokneråd inviterer til kyrkjelyds-samling på Wallemtunet på Kvam-skogen torsdag 9. november til laurdag 11. november.

Det vert lagt opp til eit roleg program. Vi tek tid til stillheit. Det vert eit par bibeltimar, tid til bøn saman og kvar for seg. Det vert eit svært enkelt matopplegg. Det heiter om Jesus at han gjekk avsides for å kvila seg og be.

Vi treng det dess meir. Desse to dagane er tenkt slik. Det vert litt felles program, men og god tid til å vera for seg sjølv. Alle er velkomne til å vera med.

Avreise frå kyrkjjetunet torsdag 9. november kl. 17.15. Vi reknar med å vera tilbake laurdag 11. november kl. 19.00.

Påmelding til kyrkjekontoret tlf. 55 24 04 00 eller til Svein Inge Myhr tlf. 55 24 34 24 innan 25. oktober.

Turen til Telavåg

tyske hærmakta hadde gjort. Ei slik plate var og festa på berget ved sida av minnestøtta.

Først var Salme 51,3 sitert: «Ver meg nådig, Gud, i din truskap, stryk ut mine brot i di store miskunn». Kva som elles stod, hugsar eg ikkje så godt at eg kan gjengi det. Du får ta turen og lesa det sjølv.

På heimturen song vi mykje. Vi avslutta med: «Så mitt hjarta stundar, bankande i barm, til eg eingong blundar i Guds faderarm.» Da var vi komne til Haukeland.

Takk for turen!

Klara Ulveseter

LYRIKK - SONG - MUSIKK

Den kjente lyrikeren Haldis Reigstad besøker Arna søndag 19. november. Dette er et ledd i en omfattende reisevirksomhet i forbindelse med utgivelsen av hennes 10. bok. Denne boken er en samling av hennes advent- og juledikt.

Vi har også fått med en sanggruppe fra Frekhaug, der bl.a. Asle Reigstad, Helga og Peder Leithaug, Brit og Arnfinn Norheim, Bjørg og Harry Wiig Andersen og flere andre blir med.

Alle disse deltar i Indre Arna Bedehus under vignetten LYRIKK - SONG - MUSIKK.

Velkommen til en annerledes kveld i bedehuset.

«Aksjon Håp»



MENNESKER HJELPER MENNESKER

Norsk misjonsråd legg opp til ein landsomfattande «dør-dør aksjon» den andre søndag i Advent, den 10. desember 2000. Målet er å samle inn 60 mill. til 22 prosjekt i land der norsk misjon er aktive. Det gjeld alle typer hjelpearbeid i regi av norsk misjon.

Aksjonen markerer at det er 2000 år sidan Jesus vart født i Betlehem.

I Arna er det skipa ei loka aksjonsnemnd. *Ein kjem attende med meir informasjon om aksjonen i neste nr. av kyrkjelydsbladet.*

KICK OFF

KYRKJELYDSHUSET I ARNA

LAURDAG
28. OKTOBER
KL. 21.00



* Lovsong og forbøn
* Salg av mat

Velkommen!!



Minneord

Medlem av Ytre Arna sokneråd, Borgny Johanne Undset Kvamme, døde torsdag 28. september og ble gravlagt 5. oktober fra Ytre Arna kyrkje. Hun var født i 1929 i Øvre Rendal i Østerdalen, og kom fra den kjente Undset-familien, som også forfatteren Sigrid Undset tilhørte.

Borgny kom til Ytre Arna i 1947 og fikk seg arbeid på Arne Fabrikker. Der arbeidet hun i 5 år til hun ble gift med Olav Kvamme i 1952. Hun var hjemmeverende og tok seg av familien da barna var små. Hun var en snill og god ektefelle og mor. Og hun gledet seg stort da hun ble bestemor og senere oldemor. Det som kjennetegnet henne, var nettopp dette at hun var så hjelpsom i alle sammenhenger. Etter at barna hadde vokst til, tok Borgny seg arbeid som hjemmehjelp. Og senere sto hun i butikken til Hjelles Bakeri i Ytre Arna, og mange er de som husker henne fra denne tiden.

Borgny var ellers sterkt engasjert på forskjellige områder i sin fritid. Hun startet Sanitetsforeningen på Kvamme og Haugland og var leder der i mange år. I tillegg var hun aktiv medlem i Husmor-

laget. Hun var også med i misjonsforeningen på Haugland, som tilhører Det Norske Misjonsselskap. Og hun var med i en bibelgruppe som møtes annenhver uke i Ytre Arna Kyrkjelydshus. I siste soknerådsperiode har hun også vært medlem i Ytre Arna sokneråd. Jeg lærte å kjenne henne som en svært sosialt innstilt person, som det var lett å få kontakt med. Hun var engasjert i vårt menighetsarbeid, og vi har mistet et menneske som det var lett å samarbeide med. Hun var også engasjert av trosspørsmål. Vi som er medlemmer i Ytre Arna sokneråd kommer til å savne henne.

Vi ble alle sammen svært overrasket da vi fikk høre at Borgny var død. Siden i sommer hadde hun vært noen ganger på sykehus, men dødsbudskapet kom likevel helt uventet på oss. Våre tanker går til hennes nærmeste, som har mistet svært mye. Vi er svært takknemlige for det hun fikk bety i våre sammenhenger og lyser fred over hennes minne.

*For Ytre Arna sokneråd
Trygve Jonansen*

TIL DERE SOM HAR MISTET ET BARN

MEDIATIV «MINNEGUDSTJENESTE»
«LIVET OG SORGEN»

Arrangeres (for tredje året) i **Årstad kirke, fredag 3.11.2000 kl. 19.00** i forbindelse med Allehelgens-helg.

Dette er en invitasjon til alle som har mistet barn/søsken – enten i mors liv eller om hun/han var «liten» eller «stor», hva dødsårsaken enn var, om det var nylig eller lenge siden...

Velkommen for et stopp underveis fylt med instrumentalmusikk, sang, diktlesing, varme og og lystenning.

«Kom og vær den du er – der du er.»

Sykehusprest: Liv Ingrid Svela

Arr.: FFHB «Et barn for lite»

Indre Arna Indremisjon - 75 årsjubileum

Indre Arna Indremisjon ble stiftet 3. desember 1925. De søkte Nordhordland Indremisjons fellesforening om å bli tatt opp som medlem der den 8. desember s.å. Første styre bestod av Mons J. Rønhovde (formann), Olav Lilleland (nestformann), Ingeborg Rønhovde (kasserer) Karina Seim,



Indre Arna bedehus

Ole Røen og J. Romslo. Disse var alle styremedlemmer, eller, som det den gang het, «Supleanter».

Foreningen hadde 20 medlemmer da den ble stiftet.

Den første tiden ble møtene holdt privat, så ble «Borgstova» brukt, før de i 1973-74 begynte å bruke Arna bedehus.

På 75-årsdagen den 3. desember i år 2000, blir det jubileumsfest i Arna bedehus kl. 17.00. Generalsekretær i Indremisjonsforbundet, Karl Johan Hallaråker, blir taler. Sangkrefter blir Barnerøster, Jonaskoret, Musikklaget og musikk ved Aud og Per Bjørkhaug. En del andre krefter blir også med, og rikelig med god mat «som seg hør og bør». Vi håper på en fin og minnerik fest.

Laila Ueland

Betania, Lone

Oktober

Lør. 28. Santalhelg. Lørdagssamling kl. 16.00. **Leif Magne Ådlandsvik**

Søn. 18. Møte Santalmisjonen kl. 16.30 med orientering frå «Kristent innvandrersarbeid»

November

Fre. 03. Fredagskafé kl. 20.00

Lør. 04. Misjonsfest kl. 19.00. **Bergfrid**

Almelid. Tema: *Elfenbeinskysten*

Søn. 05. Møte Samemisjonen. **Per Kørner.** Søndagsskule

Søn. 12. Møte NLM. **Kristian Jørgensen**

Tor. 16. Møte Israelsmisjonen

Søn. 19. Møte HIM, m/nattverd. Innsamling til Betania. Søndagsskule.

Søn. 26. Song- og musikk møte kl. 16.30

Desember

Fre. 01. Fredagskafé kl. 20.00

Lør. 02. Lørdagssamling kl. 16.30

Søn. 03. Møte NLM. Søndagsskule

Søn. 10. Møte HIM kl. 16.30. **Olav**

Vindenes og Leif Myntevik. Eigne opplegg for borna

Søn. 17. Vi syng jula inn

Arna bedehus

Oktober

Tor. 26. Nattverdmøte kl. 19.30

Søn. 29. Familiesamling kl. 18.00

November

Tor. 02.-05. Møteveke i Betlehem, Haustmøte

Fre. 03. Hvite Bånd kl. 19.30

Tor. 09. Eldretreff kl. 17.00

Lør. 11. Skulelaget

Søn. 12. Møte, res.kap. **Trygve Johansen** kl. 19.00

Tor. 16. Bønnemøte kl. 19.30

Søn. 19. Lyrikk - Song - Musikk kl. 18.00. **Haldis Reigstad** og ei gruppe frå Frekhaug

Fre. 24. Tverrkyrkjeleg bønnemøte

Søn. 26. Møte kl. 19.00. **Annbjørg Barane** (forfatter og bibelskulelærer)

Tor. 30. Israelsmisjonen

Desember

Søn. 03. Jubileumsfest kl. 17.00. Arna

Indremisjon 75 år. Gen.sekr. **Karl Johan Hallaråker.** Barnerøster. Jonaskoret, Musikklaget, Aud og Per.

Tor. 07. Eldretreff kl. 17.00

Fre. 08. KRF. Adventfest

Lør. 09. Skulelaget

Barnerøster har samling kvar måndag kl. 17.00-18.00.

Jonasklubben samlast kvar måndag

kl. 18.00-19.00.

Musikklaget har øving annankvar måndag kl. 19.30-21.00. Gamle og nye medlemmer er velkomne.

Ytre Arna bedehus

Oktober

Tor. 26. Basar. Santalmisjonen

Lør. 28. 90-årsjubileum Foreninga Trelag kl. 18.00. NLM/NHI er 90 år.

Talar: **Asle Hetlebakke, Jan Sandvik.** Song: Mannskor frå Holmefjord

November

Ons. 01. Fellesmøte. Tema Kristen haldning til homofile. Tale av **Signe Sandmark**

Ons. 08. Fellesmøte kl. 19.00. Møte med nattverd

Søn. 12. Familiemøte. Søndagsskulen. Talar: **Nils Arne Lavik**

Lør. 18. Bedehusbasaren kl. 11.00-14.00

Søn. 19. Møte. Bibel/bøn

Ons. 22.-26. Fellesmøte. Møteveke ved NHI kl. 19.00.

Talar: **Reidun Skurtveit**

Fre. 24. kl. 18.00. Felles bønnemøte for Arna

Søn. 26. kl. 17.00. Familiemøte

Ons. 29. Fellesmøte kl. 19.00. Tema: *Fader vår....* Taler: **Soknepr. Kjell Nese**

Desember

Tys. 05. Haugland Bedehus kl. 19.00. Fellesmøte. Møte med nattverd

Søn. 10. Familiemøte kl. 17.00.

Vi syng jula inn

Søn. 27. Familiefest. Søndagsskulen sin julefest

Andre samlinger:

Musikkkoret har øving annankvar måndag kl. 19.30-21.00

Broderring og kvinneforening samlast annankvar måndag kl. 19.00.

Barne- og ungdomslag: Barnelaget Ving, alder 2.-7. klasse samlast annankvar torsdag kl. 18.00-19.30.

Ten-klubben alder over 7. klasse samlast annankvar fredag kl. 19.00.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN
Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypete

Arna sokn:

- 03.09.: Amalie Marie Rolland,
Marius Bontvedt, Ellen Seim,
Martin Tangerud Låstad
- 17.09.: Andreas Schink, Espen Sørsdal
Eriksen, Victoria Josefine Gernes,
Vegard Baartvedt Ringheim
- 08.10.: Ida Kristin Røyseth Bruvik,
Christoffer Teigland Froestad, Elias
Håland Dæmring, Didrik Håland
Dæmring

Ytre Arna sokn:

- 30.08.: Maria Birkeland Heitmann
24.09.: Hilde Kristensen Upton



Vigde

Arna sokn:

- 08.07.: Inger Johanne Silgjerd og
Jostein Monstad. Vigde i Nedstrand
kirke.
- 26.08.: Sølvi Bjørnvoll og Bjørn Fagertveit
Henriette Aukland og Øyvind
Stenberg
- 02.09.: Ann Kristin Humlebrekke og
Roald Eliassen
Line Prestegård og Tor Atle Brekke
Marianne Hilland og Helge Riise
- 09.09.: Marit Ann Ingvaldsen og
Erik Hanson
Vibeke Veseth og Martin Livordsen
Birte Elanda Fjærestad og
Bjørn Opheim
- 15.09.: Terje Henriksen og Sigrid Fosso,
vigde i Fantoft stavkyrke
- 16.09.: Nina Lillejord og Stein Erik Eriksen
- 22.09.: Anita Karlsen og Kent Eivind Ekse,
vigde i Norsk kirke, Lanzarote
- 23.09.: Mariann Ågotnes og
Tore Steffensen
- 30.09.: Irene Klausen og Ørjan Mjelde
- 07.10.: Anita Ottesen og Helge Wichstad

† Døde

Arna sokn:

- 18.08.: Trond Svein Rasmussen, f. 1963
- 25.08.: Erling Rolland, f. 1928
- 01.09.: Hildur Øijjord, f. 1939
- 03.09.: Kenneth Marøy, f. 1976
- 10.09.: Hilda Storli, f. 1924
- 16.09.: Johannes Hope, f. 1913
- 18.09.: Dag Indrehus, f. 1929

Ytre Arna sokn:

- 11.05.: Herborg Dale
- 18.08.: Arnt Martin Halland
- 26.08.: Ottar Straume
- 29.08.: Tiril Eikefet Knudsen
- 22.09.: Johannes Lavik
- 26.09.: Harald Skår

Ofringar

Arna sokn:

- 27.08.: Barne- og
ung.prosjektetkr. 3.623,50
- 03.09.: Kyrkjelydsarbeidetkr. 3.897,00
- 10.09.: Klubbenkr. 4.415,00
- 17.09.: Bergen Søndags-
skulekretskr. 5.350,00
- 24.09.: Norsk Lærerakademi.....kr. 3.047,00
- 01.10.: Santalmisjonenkr. 6.370,00
- 08.10.: Barne- og
ungd.prosjektet.....kr. 3.412,00

Ytre Arna sokn:

- 03.09.: Kyrkjelydsarbeidetkr. 1690,50
- 17.09.: Bergen Søndags-
skulekretskr. 3200,00
- 24.09.: NLAkr. 1200,00
- 01.10.: Orgelfondetkr. 3231,50

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet nr. 7 år 2000 (julenum-
mer) kjem etter planen ut **6. desember**.
Stoff til dette bladet kan leverast til
kyrkjekontoret **innan 21. november**.



Kyrkjeskys

HAUKELAND/UNNELAND

29. oktober:

Odmund Skjoldaltlf. 55 24 28 76

5. november:

Sverre Myklebusttlf. 55 24 29 05

12. november:

Ingrid Hopetlf. 55 24 08 08

19. november:

Jens Haugetlf. 55 24 01 43

26. november:

Åshild Mæstadtlf. 55 24 00 42

3. desember:

Odmund Skjoldal

ARNATVEIT/INDRE ARNA

29. oktober:

Arne Håøytlf. 55 24 03 26

5. november:

Jørgen Eliassentlf. 55 24 02 39

12. november:

Odd Kjostlf. 55 24 17 82

19. november:

Per Eidetlf. 55 24 15 15

26. november:

Turid Mjelde.....tlf. 55 24 28 71

3. desember:

Jostein Monstadtlf. 55 24 32 20

TUNES/GARNES

29. oktober:

Malvin Klementsenstlf. 55 24 29 56

5. november:

Ragnar Aabrekktlf. 55 24 25 27

12. november:

Leidulf Almenningtlf. 55 24 25 52

19. november:

Kari Claussentlf. 55 24 12 20

26. november:

Per Vietlf. 55 24 07 26

3. desember:

Malvin Klementsens

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.

Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Opningstida er noko variabel for tida. Dersom du ikkje får svar, ber vi om
at du tek kontakt med Arna Kyrkjekontor.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Christopher David Briggs
Pb 161 Indre Arna
5888 Bergen
Tlf. 55 24 40 55

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjetenar Arna
Jarle A. Sandvik
Tlf. 55 24 04 00

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5131 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Veve Birkeland
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjetenar Ytre Arna
Sylvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

Adm.leiar
Marit Skjeldal
Verkane, 5286 Haus
Tlf. 56 39 00 51

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS

BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

55 90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland – M. Hamre

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget*

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris



FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?

 **Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Frødis
SALONGEN

Vestlivegen 75, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Din lokale
storbank
i Arna!

 **KREDITKASSEN**

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.


Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennene,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- 29.10** *Bots- og Bededag – Luk. 13,23-30*
Arna kl. 11. Trygve Johansen, Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11. Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens SOS.
- 05.11.** *Allehelgensdag – Matt. 5,13-16*
Arna kl. 11. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdoms-prosjektet. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 17. Trygve Johansen. Nattverd. Kyrkjekoret. Takkoffer til Menighetsfakultetet. Kyrkjekaffi.
Takvam kl. 16. Kjell Nese. Kyrkjekaffi. Takkoffer til arbeidet i kapellet.
- 12.11** *22. s.e. pinse – Rom. 8,31-39*
Arna kl. 10. Familiegudsteneste. Kjell Nese og Erik Rodal. 4-åringar er inviterte. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringsutvalget.
Arna kl. 12. Familiegudsteneste. Kjell Nese og Erik Rodal. 4-åringar er inviterte. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringsutvalget.
Ytre Arna kl. 11. Familiegudsteneste. Trygve Johansen og Knut Rønnestad. Barnekoret. 2.klassane er inviterte. Takkoffer til Den Norske Sjømanns-misjon. Kyrkjekaffi.
- 19.11.** *23. s.e. pinse – Matt. 18,15-20*
Arna kl. 11. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Kick Off Ungdoms-arbeidet.
Trengereid kl. 11.00. Kjell Nese. Takkoffer Barne- og ungdomsprosjektet.
- 26.11.** *Siste søndag i kirkeåret. – Matt. 25,1-13*
Arna kl. 11. Sokneprest R. Hemstad. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelyds-arbeidet.
Ytre Arna kl. 11. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
- 03.12.** *1. s.i advent – Matt. 21,1-9*
Arna kl. 11. Familiegudsteneste. Kjell Nese. 2. klassane er inviterte. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringsutvalget.
Arna kl. 19. Lysmesse. Kjell Nese og Erik Rodal.
Ytre Arna kl. 17. Familiegudsteneste. Trygve Johansen. Barnekoret. 1. klassane er inviterte. Takkoffer til IKO. Kyrkjekaffi på Ytre Arna bedehus.
Trengereid. Skulegudsteneste. Kjell Nese og Erik Rodal.
- 10.12.** *2. s.i advent – Mark. 1,14-1*
Arna kl. 11. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Aksjon Håp 2000.
Arna kl. ??. Julekonsert.
Ytre Arna kl. 11. Ung messe. Trygve Johansen. Takkoffer til Aksjon Håp 2000.
Unneland kl. 18. Lysmesse. Kjell Nese og Erik Rodal.
- 17.12.** *3.s. i advent – Matt. 11,2-10*
Arna kl. 11. Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
Ytre Arna kl. 19. Trygve Johansen. Kyrkjekonsert. Kyrkjekoret. Arne Musikkforening. Arne Sangforening. Kollekt.